



Møtebok

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtestad: Kommunehuset 2. etg
Dato: 16.03.2017
Tid: Kl. 12:00 - 13:30

Følgjande medlem møtte

Håvar Fagerli
Sissel Solheim
Turid Hopland
Åge Lundebrekke
Marita Aarvik
Gunn Sande
Jan Vidar Smenes

Parti

Ap
Frp
Sp
Tp

Forfall meldt frå følgjande medl.

Geir Årvik
Stein Robert Osdal
Judith Kvåle

Parti

H
KrF
Tp

Følgjande varamedlem møtte

Kenneth Brandal

Parti

H

Andre som møtte

Margunn Åhjem Myklebost, førte møteboka.

Møteleiar: Jan Vidar Smenes

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/17	Godkjenning av møteprotokoll
002/17	Referatsaker
003/17	Etiske retningslinjer for tilsette i Selje kommune
004/17	Lokale retningslinjer for heiltidskultur i Selje kommune



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/17	Administrasjonsutvalet	16.03.2017

Godkjenning av møteprotokoll

Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 13.10.16 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

18.10.2016 Protokoll - Administrasjonsutvalet - 13.10.2016 1326573

Administrasjonsutvalet 16.03.2017:

Handsaming:

8 voterande

Adm. utvalet hadde merknad om at møteprotokoll frå 13.10.16 mangla på innkallinga.

ADM- 001/17 Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 13.10.16 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/17	Administrasjonsutvalet	16.03.2017

Referatsaker

Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Administrasjonsutvalet 16.03.2017:

Handsaming:

8 voterande

Fylgjande referat i møtet:

1. Rådmannen orienterte, etter førespurnad frå utvalet, at sjukepleieforbundet ikkje har Hovudtillitsvalt pr. d.d. og at kommunen ikkje har Hovudverneombod pr. d.d.
2. Delegasjonssaker: Når det gjeld tilsetjingar skal desse til administrasjonsutvalet til orientering.

ADM- 002/17 Vedtak:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.

Det ligg ikkje føre referatsaker ved innkalling til møtet.



Arkiv: FE - 030, TI - &00, HIST
- 09/210
JournalpostID: 17/638
Saksbehandlar: Margunn Åhjem
Myklebost

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/17	Arbeidsmiljøutvalet	16.02.2017
003/17	Administrasjonsutvalet	16.03.2017

Etiske retningslinjer for tilsette i Selje kommune

Bakgrunn for saka:

Kommunen sine etiske retningslinjer er frå 2009 og gjeld for tilsette og politikarar. Administrasjonen ønskjer å lage nye retningslinjer som skal gjelde for tilsette i kommunen. Rådmannen sette ned ei gruppe som har bestått av tenesteleiar Heidi Løvold, tenesteleiar Sabine Tanzer, Fagforbundet v/Sissel Solheim , Utdanningsforbundet v/Håvar Fagerli og personalkonsulent Margunn Myklebost.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Etiske retningslinjer for tilsette i Selje kommune vert vedteke slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Arbeidsmiljøutvalet - 16.02.2017

Etiske retningslinjer for tilsette i Selje kommune vert vedteke slik dei ligg føre.

Vedlegg i saka:

07.02.2017 Etiske retningslinjer for tilsette i Selje Kommune 2017 (2) 1329835

Arbeidsmiljøutvalet 16.02.2017:

Handsaming:

7 voterande

Votering:

Rådmannen sitt forslag til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes.

AMU- 005/17 Vedtak:

Etiske retningslinjer for tilsette i Selje kommune vert vedteke slik dei ligg føre.

Administrasjonsutvalet 16.03.2017:**Handsaming:**

8 voterande

Votering:

Framlegg til vedtak frå AMU fekk 8 røyster for. Samrøystes.

ADM- 003/17 Vedtak:

Etiske retningslinjer for tilsette i Selje kommune vert vedteke slik dei ligg føre.

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Gruppa har hatt eit par møter og utarbeidd eit forslag til etiske retningslinjer. Gruppa ville at allereie vedtekne og innarbeidde verdiar som kommunen har skulle vere sentrale i dei nye etiske retningslinjene. Desse heng i glas og ramme på arbeidsplassane i kommunen og er godt kjent og innarbeidd. Elles har gruppa lagt vekt på at vi skal ha etiske retningslinjer som er lettfattlege, presise og enkle å forstå. Det er viktig at tilsette kjenner til korleis vi skal opptre i forhold til arbeidsgjevar, dei vi jobbar ilag med og utad til innbyggjarar og andre.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/17	Arbeidsmiljøutvalet	16.02.2017
004/17	Administrasjonsutvalet	16.03.2017

Lokale retningslinjer for heiltidskultur i Selje kommune

Bakgrunn for saka:

Kommunen har vore med i prosjektet « Det store heiltidsvalet » som var eit samarbeid mellom KS, Fagforbundet, Delta og Norsk Sjukepleieforbund. Formålet med prosjektet var å redusere deltidsarbeid og utvikle ein heiltidskultur i pleie og omsorgssektoren spesielt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lokale retningslinjer for heiltidskultur i Selje kommune blir vedteke slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Arbeidsmiljøutvalet - 16.02.2017

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med fylgjande endringar i pkt. 5:

Fyrste kulepunkt: Ufaglærte tilsette som tek fagbrev vert vurdert etter HTA før evt. fast stilling.
Andre kulepunkt: Lærlingar på lærlingkontrakt vert vurdert etter HTA for fast stilling etter endt læretid og bestått fagprøve. (viser til lærlingplan)

Vedlegg i saka:

07.02.2017 Forslag til lokale retningslinjer heiltidskultur 1329827

Arbeidsmiljøutvalet 16.02.2017:

Handsaming:

Framlegg frå AMU:, foreslått av ,

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med fylgjande endringar i pkt. 5:

Fyrste kulepunkt: Ufaglærte tilsette som tek fagbrev vert vurdert etter HTA før evt. fast stilling.
Andre kulepunkt: Lærlingar på lærlingkontrakt vert vurdert etter HTA for fast stilling etter endt læretid og bestått fagprøve. (viser til lærlingplan)

7 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for.

Framlegget frå AMU fekk 7 røyster for. Samrøystes.

AMU- 004/17 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med fylgjande endringar i pkt. 5:

Fyrste kulepunkt: Ufaglærte tilsette som tek fagbrev vert vurdert etter HTA før evt. fast stilling.

Andre kulepunkt: Lærlingar på lærlingkontrakt vert vurdert etter HTA for fast stilling etter endt læretid og bestått fagprøve. (viser til lærlingplan)

Administrasjonsutvalet 16.03.2017:

Handsaming:

Framlegg frå Administrasjonsutvalet:, foreslått av ,

Som framlegg frå AMU, med endring i punkt 4:

Setninga:" Unntak helgestillingar, prosjektstillingar / andre stillingar" er endra til

"Unntak helgestillingar, prosjektstillingar og liknande stillingar."

8 voterande

Votering:

Framlegg frå Administrasjonsutvalet fekk 8 røyster for. Samrøystes.

ADM- 004/17 Vedtak:

Lokale retningslinjer for heiltidskultur i Selje kommune blir vedteke slik dei ligg føre, med følgjande endring i punkt 4:

Setninga:" Unntak helgestillingar, prosjektstillingar / andre stillingar" er endra til

"Unntak helgestillingar, prosjektstillingar og liknande stillingar."

og med fylgjande endringar i pkt. 5:

Fyrste kulepunkt: Ufaglærte tilsette som tek fagbrev vert vurdert etter HTA før evt. fast stilling.

Andre kulepunkt: Lærlingar på lærlingkontrakt vert vurdert etter HTA for fast stilling etter endt læretid og bestått fagprøve. (viser til lærlingplan)

Saksopplysningar:

Som eit resultat av dette prosjektet har kommunen innført årsplan/årsturnus frå 01.03.2015.

Det er laga ei rammeavtale som er underskriven av partane

(arbeidsgjevar/arbeidstakarorganisasjonane). Årsplan/årsturnus har ført til at fleire av dei tilsette har fått auka opp stillingane sine og arbeidskvardagen er blitt meir forutsigbar.

I Hovudtariffavtalen står det at kommunane skal ha lokale retningslinjer for heiltidskultur.

Ragna Haaland, driftsrådgjevar helse og omsorg, Margunn Myklebost, personalkonsulent og representant for arbeidstakarorganisasjonane, Fagforbundet v/Sissel Solheim har jobba med å utarbeide retningslinjer for heiltidskultur for Selje kommune.

Vi ønskjer at dette vil føre til: Auka kvalitet/betre effektivitet på tenestene og auka trivsel/arbeidsmiljø.

Gjennom retningslinjene ønskjer vi og få ein plan som ivaretek arbeidsgjevar og dei tilsette sine behov slik det er skissert i punkta i retningslinjene.